

Mandat delprosjekt velferdsteknologi Alver kommune

Prosjektnr	Namn	Saknr
	Delprosjekt samordning av velferdsteknologi Alver kommune	
Prosjektfase	2017-2020	
1. Organisering		
<p><u>Oppdragsgjevar</u> Rådmenn i Radøy, Meland og Lindås</p> <p><u>Styringsgruppe</u> Kommunalsjefar/rådgivar i Radøy, Meland og Lindås.</p> <p><u>Prosjektansvarleg</u> Seniorrådgjevar i Meland kommune</p> <p><u>Delprosjektleiar</u> Delprosjektleiar Oddrun K. S. Hoel</p> <p><u>Delprosjektgruppe</u> Delprosjektleiar Oddrun S. Hoel Radøy – Johnny Brattetaule (leiar heimetenesta) og Jørgen Bleikli (leiar OMSUT) Lindås – Benthe Helland (leiar heimetenesta) og Hildegunn Baravelli (ressursergot.omsorgstek.) Meland - Britt Romarheim (leiar heimetenesta) og Randi Minde (leiar sjukeheim) Hovudtillitsvald – representasjon v/HTV Fagforbundet Radøy Rosalind G. Instebø</p> <p><u>Merknad:</u> IKT NH + IKT leiar Lindås vert invitert med på sak, men er ikkje fast medlem av delprosjektgruppa.</p> <p><u>Ressursgruppe</u> Leiar Ressursgruppe: 1x100% Hildegunn Baravelli Ressursspersonar Meland: 4x20% Øyvind Boge, Kristine Skintveit, Elin Totland og Anka Stjepanovic Ressursspersonar Radøy: 4x20% Ressurssperson Lindås: 1x20% Esther Korsøen</p> <p><u>Referansegruppe</u> Representasjon politikk 1x3, representasjon eldreråd 1x3, representasjon råd for menneske med nedsett funksjonsevne 1x3og brukarrepresentant (Laila Pletten?). Samansetting referansegruppa kan samordnast jfr 10-kommuneprojekt.</p>		

2. Bakgrunn og forankring

Det er etablert intensjonsavtale om kommunesamanslåing, og er stadfesta at arbeid med samordning og utvikling av velferdsteknologiske løysingar innan tenesteytinga er eit satsingsområde for Alver kommune.

Rett bruk av velferdsteknologi kan føre til at den enkelte brukar i større grad sjølv kan ivareta eigenomsorg og bidra til at vedkomande opplever seg som meir selvhjulpne. Dei fleste ønskjer å klare seg sjølv mest mogleg og bu i eigen heim. Dette er viktig med omsyn til oppleving av eigenverdi, sjølvbestemmelse, livskvalitet og tryggleik.

Lindås kommune har gjennomført eit forskingsprosjekt i velferdsteknologi perioden 2012-2016 og implementert dette i drift. Dei tre kommunane har i dag ulik ståstad når det gjeld kompetanse, implementering og erfaring med bruk av velferdsteknologi. For å nå felles ståstad, og kunne yte likeverdige tenester til alle innbyggjarane i nye Alver kommune må ein iverksetje tiltak og eit målretta samarbeid alleireie no. Dette arbeidet er tidkrevande og omfattar både brukarar av tenester og tilsette som yter tenestene. I tillegg legg ein til grunn at ein skal følgje nasjonale føringar frå til dømes Omsorg 2020. Kommunestyra i Meland og Radøy gjorde budsjettvedtak i des. 2016 på hhv inntil 1 mill og 0,5 mill til innkjøp og kompetanseheving innan dette feltet.

Samordning av velferdsteknologi for kommunane Radøy, Meland og Lindås er eit delprosjekt under felles hovudprosjekt « Nordhordlandsregionen – saman om velferdsteknologi» (10 kommunar).

3. Hovudmål og delmål

I 2020 er velferdsteknologi ein naturleg del av tenestetilbodet i Alver kommune. Innbyggjarar skal få etablerte og velfungerande velferdsteknologitenester uavhengig av alder, funksjonsnedsetting og bumiljø.

1. Brukar

Tenestemottakar mottar tenester som vert supplert av velferdsteknologi og støtter opp om den einskilde sin trong for tryggleik og meistring. Dette skal bidra til at ein:

- 1.1 opprettheld sjølvstendige og aktive liv
- 1.2 opplever tryggleik og meistring i eigen bustad og på institusjon
- 1.3 får hjelp og støtte til å forstå og ta i bruk teknologien – «tryggleik i kvardagen – større fridom».

2. Tilsette

Dei tilsette nyttar velferdsteknologi som supplement i sitt daglege virke ved at dei:

- 2.1 utviklar felles visjon, mål, tilnærmingssmåter og haldningar til tenestene.
- 2.2 har kjennskap til velferdsteknologiske løysingar og har kompetanse til å vurdere forutsetningane for, og konsekvensene ved å ta i bruk ny velferdsteknologi.
- 2.3 har kompetanse til å rettleie brukar av teknologi.
- 2.4 opplever at aktiv bruk av velferdsteknologi i tenesta bidrar positivt med omsyn til å behalde og rekruttere kompetent helsepersonell.
- 2.5 opplever at arbeidsgjevar satsar på robuste og fleksible teknologiske løysingar, som møter framtida sine utfordringar

3. Bærekraftig utvikling

Velferdsteknologi bidrar til at kommunane kan tilby fleire tenestemottakarar gode og bærekraftige tenester innan til ei kvar tid gjeldande økonomisk ramme og at kommunen samordnar bruk velferdsteknologi som bidrar til god resursutnytting og effektive tenester etter BEON prinsippet. Innbyggjarane skal oppleve at kommunen er godt rusta til å møte utfordringar ved å kombinere brukartilpassa tenester med velferdsteknologiske løysingar

4. Dokumentasjon

Det vert utarbeida tenleg dokumentasjon jamfør hovudprosjekt (10 kommune). Ein vil nytte felles system for kartlegging og gevinstrealisering.

4. Økonomisk ramme pr. år 2017 - 2020

Tilskot skjønsmidler	Beløp i kr
Delprosjektlear 50%	400 000
Kontor, reise, kurs, konferanser mm	100 000
Adm. ressurs 2x20% – Meland og Radøy (implementering, brukarvurdering/forvaltning, opplæring)	300 000
Samla sum skjønsmidler 2017	800 000
Kommunal eigenandel	Beløp i kr
Tidsressurs styrings- og prosjektgruppe samt andre tilsette	100 000
20% leiande Ressursergoterapeut - Lindås (teknisk, internkontroll, opplæring)	150 000
2x20% kommunal ressursperson - Radøy og Meland	300 000
Kompetanseheving, kurs, informasjon, innbyggarkontakt og brukarmedverknad – samordna kommune	150 000
Administrasjonsutgifter/møteverksemd	50 000
Samla sum kommunal eigenandel	800 000

5. Avgrensing

Innovativ anskaffing er utført av Lindås kommune. Avtale inngått febr. 2017. Avtalen gjeld i 3 år med opsjon på ytterlegare 7 år. Radøy og Meland kan ta del i nemde avtale. Lindås kommune har parallellt eit eige prosjekt vedr. utprøving av responscenter. Prosjektet vert avslutta 2018 ev. 19.

6. Risiko

Arbeid med risikovurdering må konkretiserast i eigen prosjektplan, og er ei utfordring med omsyn til at 3 kommunar skal samordne verksemda på ulike område

7. Framdrift

Det vert utforma oversyn framdrift/milepæl i eigen prosjektplan.

Endringsoversyn

Versjon	Dato	Skildring av endring	Utført av
0.1	13.02.17.	Prosjektmandat etablert	Mette Fauskanger
0.2	22.02.17	Prosjektmandat revidert	Helge Kvam
0.3	23.02.17	Prosjektmandat revidert	Helge Kvam/Leni Dale
0.4	07.03.17	Prosjektmandat revidert	Leni Dale
0.5	20.04.17	Prosjektmandat revidert	Helge Kvam
0.6	19.05.17	Prosjektmandat revidert	Helge Kvam
0.7	21.09.17	Prosjektmandat revidert	Helge Kvam
0.8	20.12.17	Prosjektmandat revidert	Helge Kvam